

## **Tilbakemelding på Høyringsnotatet Forslag til lovendringer på «Rett til til opphold eller tilsvarende bolig særskilt tilrettelagt for heldøgns tjenester – kriterier og ventelister**

### **Time kommune meiner at retten til opphold i sjukeheim eller tilsvarende bustad ikkje treng lovfestast.**

Helse- og omsorgsdepartementet meiner det er behov for å tydeleggjera retten til sjukeheimplass eller opphold i tilsvarende bustad. I følgje departementet oppleve enkelte brukarar og pårøreande at det ikkje føreligg ein slik rett i regelverket som blir brukt i dag.

Time kommune meiner at med ei god og rettferdig saksutgreiing med legeopplysninger og brukarmedvirkning og kriteriar for tenestene kort- og langtidsopphald, må ein ha tillit til at dei som treng omsorgstenester får det dei har rett på til riktig tid. Time Kommune har eit tiltaksteam med eit mandat som sikrar at kvar søkjar får dei rette tenestene ut frå behovet, dvs. tenester på lågast effektive omsorgsnivå og sikra ein god og forsvarleg saksbehandling, samt likebehandling.

I dei tilfella der kort-eller langtidsplass i sjukeheim eller tilsvarende bustad vert vurdert som einaste tilbod på forsvarlege helse og omsorgstenester, skal brukaren tildelast dette tilbodet. Difor er det viktig at ein har gitt brukaren tilbod om, og prøvd ut dei førebyggjande og re-og habiliterande tenestene kommunen har, før ein tildeler ein langtidsplass.

Regjeringa forslår å lovfesta at behandlande lege skal ha formell myndigheit ved tildeling av kommunale helse- og omsorgstjenester. Vi ser ein fare for at personar som har eit tenestebehov, men som mottar lite eller ingen legehjelp vil kunna verta nedprioritert som følgje av dette. Ein ser det kan vera både uheldig og tilfeldig om behandlande lege vert gitt formell myndigheit i slike avgjersler og vi ynskjer at mynden ligg hos tiltaksteama.

### **Time Kommune er einig i at Regjeringa lagar statlege kriteria for å få innvilga langtidsplass, under føresetnad at dei rettleiande og ikkje lovfesta.**

Høyringa framhevar at det er viktig med ei god saksutgreiing, legeopplysninger og brukarmedvirkning. Sammen med en faglig vurdering ut fra fastsett forskrift / kriterier, skal dette danne grunnlaget for vedtaket. Time kommune er einig i at dette er grunnleggjande forutsetningar for at kommunen skal kunne fatte enkeltvedtak på rett teneste med forsvarleg kvalitet.

Utviklinga framover både med tanke på auke i behov og tilgang på ressurser tyder på at kommunen må ha mål om å sikra bærekraftige tenester. I det arbeidet er målet om å tilby forsvarlige tenester på lågast mogeleg omsorgsnivå avgjerende. Time kommune har ei Omsorgstrapp og tenestestandarar .For å sikra rett bruk av plasser i bukollektiv, sjukeheim og bustadar med heildøgnsomsorg vert tildelinga kontinuerleg vurdert for å gje tenestene på rett nivå. Vi meiner at ein på denne måten sikrar innbyggjarane lik tilgang til gode og likeverdige helse- og omsorgstjenester. Time kommune treng ikkje ha lovfesta kriteriar, men Regjeringa kan kom med ei rettleiing.

## **Time kommune ønsker at retten til å bruke venteliste–utan køsystem vert godkjent.**

Sidan kommunane allerede har ei plikt til å halda oversikt over innbyggjarane sine behov, planlegga tenestetilbodet og sørge for at alle til einkvar tid får dei helse- og omsorgstenestene dei har behov for, kan bestemminga om plikt til å føre ventelister virka unødvendig.

Time kommune ser ikkje slik på det , vi tenkjer ei venteliste vil spare brukaren for å måtta søkja på nytt, og på den måten redusera saksmengda inn til kommunen.

Helse- og omsorgsdepartementet presiserar i høyringsforslaget at ventelista ikkje skal innebære eit køsystem. Heildøgns plass skal alltid vurderast etter behovet til den enkelte brukar og ikkje etter den «plassen» brukaren har på ventelista. Dette innebær at seinere plasserte brukarar på lista vil få plass først, dersom deira behov blir vurdert som større. Time Kommune er einig i denne presiseringa og meiner tiltaksteamet sikrar ei slik vurdering. Brukaren bør få eit enkeltvedtak på at han er innvilga plass på sjukeheim eller tilsvarende bustad for å kunne ha rett til å klaga på vedtaket. Vi kan nok ikkje så lett tidfesta ventetida då det er avhengig av helsetilstanden til dei som allerede bur der. Når brukaren vert vurdert til å få ein plass må ein skriva nytt enkeltvedtak, der det kjem fram kor han får plass og kor mykje det vil kosta brukaren og bu der. Det er då opp til brukaren om han vil ta i mot plassen. Ei ventelista vil korta inn på tida med ubrukte plasser i sjukeheim eller liknande bustad med heildøgnsomsorg. Ventelista vil gje ei god oversikt på behova for langtids plasser i sjukeheim eller i tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester.